




Kommuneplan for Surnadal 2020 - 2032

Samfunnsdelen



Surnadal
kommune

Vedteke av kommunestyret 05.11.20



Innhold

1	Forord.....	3
2	Utfordringar 2020 - 2032.....	4
2.1	Utviklingstrendar og utfordringar vi kan møte fram mot 2032	4
3	Miljømessig bærekraft	9
3.1	Kor er vi i dag?	10
3.2	Mål – miljømessig bærekraft.....	11
3.3	Strategiar – korleis kjem vi dit.....	11
4	Sosial bærekraft.....	13
4.1	Kor er vi i dag?	14
4.2	Mål – Sosial bærekraft.....	18
4.3	Strategiar – korleis kjem vi dit.....	18
5	Økonomisk bærekraft.....	19
5.1	Kor er vi dag?	21
5.2	Mål – Økonomisk bærekraft.....	25
5.3	Strategiar – korleis kjem vi dit?	26
6	Samarbeid for å nå måla	28
7	Arealstrategi.....	29
7.1	Kommunen sitt plansystem.....	29
7.2	Mål for arealbruken.....	31
7.3	Strategiar	32



1 Forord

Kommuneplanen er kommunens overordna styringsverktøy. FNs bærekraftsmål ligg til grunn for kommuneplanen. For første gang har vi fått eit felles globalt rammeverk for arbeidet med samfunnsutviklinga på kommunenivå i Norge. Covid-19 som ramma ein heil verden i 2020 er eit godt eksempel på at vi må vere førebudd på uføresette hendingar som påverkar oss alle. Med ein strammare kommuneøkonomi må kommunen i større grad enn før prioritere sine satsingar.

Kommuneplanen er det overordna og langsiktige styringsdokumentet for Surnadal kommune, og angår alle som bur og jobbar i kommunen. Samfunnssdelen viser korleis vi skal utvikle tenestene, legge til rette for samfunnsutvikling og løyse oppgåvane. Planen tar stilling til langsiktige utfordringar, fastsett mål og strategiar for kommunen og er grunnlag for sektorane sine planar og oppgåver. Det er økonomiplanen som utgjer kommuneplanens handlingsdel. Ei nærmare orientering om plansystemet er å finne i kap. 7.1.

Befolkingssamansettina er viktig for kommunens økonomi, skatteinngang og tenester, og vi veit at åra som kjem byr på fleire store endringar. Vi blir stadig fleire eldre og får færre yrkesaktive innbyggjarar. Vidare skal Surnadal kommune bidra til å nå dei nasjonale måla for reduksjon i klimagassutsleppa.


Kommuneplanen sin samfunnsdel handlar om korleis vi ønsker å ha det på fleire viktige område og kva må gjerast for å kome dit. Mange må engasjere seg for at vi skal få til det vi ønsker, og fleire samfunnsaktørar må jobbe saman for at Surnadal skal bli enda betre. Vi håpar at du vil vere med på laget!



2 Utfordringar 2020 - 2032

Verden er i endring, og det i aukande tempo. Det blir stadig vanskelegare å seie noko sikkert om framtida. Likevel må vi handle, og vi må halde oss til det vi trur mest sannsynleg vil kome. I dette innleiingskapitlet vil vi presentere dei faktorane som påverkar utviklinga mest.

Kommuneplanens samfunnssdel er overordna plan og skal gi grunnlag for å styre samfunnsutviklinga i ønska retning. sin samfunnssdel skal ta stilling til utfordringar, mål og strategiar for kommunenesamfunnet som heilheit og organisasjon.



kommunens
kommunen

Kommuneplanen
langsiktige

kommunen som

Planen har eit tidsperspektiv på 12 år og måla er derfor langsiktige. Dei skal peike på kor ein ønsker at kommunen skal vere i 2032.

Kommunane og plansamarbeidet har i arbeidet med ny planstrategi for perioden 2020 – 2032 sett på sentrale utviklingstrekk og utfordringar for kommunane og nordmørsregionen. Dette er eit viktig kunnskapsgrunnlag for arbeidet med kommuneplanen sin samfunnssdel.

2.1 Utviklingstrendar og utfordringar vi kan møte fram mot 2032

Klima- og naturmangfold

FNs klimapanel og Naturpanelet har slått fast at vi har store stor utfordringar både med å stanse klimaendringane og med å stanse tap av naturmangfaldet, altså planter og dyr. Bruken av naturen påverkar klimaet samtidig som klimaendringane påverkar naturen. Aldri før har menneska påverka jorda så mykje som no, og klimaendringane forsterkar belastningane.

Gjennom Parisavtalen har Norge forplikta seg til å bidra til at den globale oppvarminga blir halde godt under to grader samanlikna med førindustriell tid, og



helst avgrense temperaturauken til 1,5 grader. Norge sine klimaforpliktingar er vedtekne gjennom ei eiga klimalov der lågutsleppssamfunnet er beskrive. Klimalova har mål om at utsleppa av klimagassar i 2030 skal være minst 50, helst 55 prosent lågare enn i 1990. I 2050 må utsleppa av CO₂ være netto null.

Å redusere utsleppa krev lokal innsats både fra innbyggjarar og lokalsamfunn – og kommunen si drift må leggast om mot eit framtidig lågutsleppssamfunn. Den globale oppvarminga har medført ustabilt klima på fleire måtar. Meir intens nedbør gir auka fare for flom og skred. Langs kysten kan vi få auka risiko for orkan og stormflo, og på sikt havnivåstigning. Dette kan få store konsekvensar både for næringslivet og ulike samfunn langs kyst og vassdrag.

Menneska har tilpassa seg klimaet sia tidenes morgen. I dag er det vanskeleg å forutsjå alle samfunnsmessige endringar som kan komme på grunn av endra globalt klima, og det blir nødvendig å gjennomføre klima og sårbarheitsanalysar med jamne mellomrom. Lokalt vil aukande temperaturar og hyppigare og meir intens nedbør sannsynlegvis føre til nye utfordringar for våre boligar, næringsbygg, vegar, avløpssystem og annan infrastruktur. Vi må starte tilpasningsarbeidet i dag.

Den andre viktige miljøutfordringa er stans i tap av naturmangfaldet. Naturmangfaldet både på land og i vatn er under press og stadig forsvinn artar frå naturen rundt oss. Surnadal kommune har eit variert og rikt biologisk mangfald med fleire trua artar og naturtypar. Kommunen har eit ansvar for å ta vare på dette. Måten vi utnyttar areal- og naturressursane er viktig for å stanse denne utviklinga.

Digitalisering

Innovasjon i offentleg sektor er å sette i verk noko nytt som skaper verdi for innbyggjarane og for samfunnet. Det kan vere ein ny eller vesentleg endra teneste, organisering eller kommunikasjonsmåte. Det er viktig å tenke nytt om korleis vi kan løyse store samfunnsoppgåver og utvikle offentleg sektor.

Surnadal er ein god kommune å leve i, men framover vil vi bli utfordra i arbeidet med å sikre gode tenester. For å møte utfordringane som kjem må vi arbeide smartare og meir målretta med innovasjon. Dette krev stadig påfyll av utstyr og kompetanse. Digitalisering er ein føresetnad for samfunnsutvikling og modernisering av kommunane. Det er og ein føresetnad for å sikre kommunen si økonomiske bærekraft.

Økonomisk ulikheit og polarisering



Den politiske og kulturelle polariseringa vil auke. Trenden er sterkest globalt, men den vil også vokse her i Norge. Viktige årsaker til dette er økonomisk ulikhet, urbanisering, innvandring og forskjellar i utdanningsnivå. Polarisering i samfunnet er ein trussel mot fellesskap og samhald. Det er særleg ein trend som bør vekke bekymring, nemlig en utvikling mot meir polarisering og mindre tillit i samfunnet. Dette er alvorlig fordi nettopp tillit mellom folk, tillit til institusjonar og tillit til det politiske systemet er eit av dei fremste kjenneteikna på eit godt fungerande demokrati. Her har Norge og Norden vore i aller fremste rekke.

Svaret på denne trenden er å utvikle og styrke demokratiet, og særleg det lokale demokratiet. Innbyggjarane må oppleve at dei blir høyrt og teke omsyn til. Demokratiske avgjersler må opplevast forståeleg og rettferdig av den enkelte, også dei som måtte gå ein imot.

Innbyggjarane må oppleve ei reell mulegheit til sjølv å bli ein del av eit levande folkestyre, til sjølv å bli ein beslutningstakar. Slik kan vi redusere eit opplevd skille mellom oss og dei, mellom styrande og styrtne.

Urbanisering

I Surnadal kommune og Møre og Romsdal i si heilheit er det slik at unge menneske flyttar ut av fylket til større byar. Nyleg framlagte prognosar mot 2050 frå Statistisk sentralbyrå stadfester dette.

Urbanisering er ein tung internasjonal trend, og ein stadig større del av verdas befolkning bur i byar.

Å oppretthalde eit desentralisert busettingsmønster krev at fleire blir buande i eller flyttar til distrikta. For Surnadal er urbaniseringa ei utfordring fordi vi blir stadig færre unge og folk i arbeid, og stadig fleire pensjonistar og eldre. At fødselstala som resten av landet, og internasjonalt, er historisk låge vil forsterke dei demografiske utfordringane. Surnadal kommune har som mange andre kommunar hatt eit ønske om vekst i folketalet, men det viser seg at eit mål om å stabilisere folketalet kan vere meir enn ambisiøst nok. Dei nye prognosane viser eit folketal på 5 267 i 2050.

Folkehelse

Folkehelsa er generelt god i Norge. Det gjeld og for innbyggjarane i vår kommune. Helse er viktig for alle menneska, men føresetnaden for å oppnå god helse er høgst ulike. Sosiale forhold knytt til oppvekst, utdanning, jobb, kva vi et og mulegheitene til trening og fysisk



aktivitet er avgjerande for helsa. Hjarte- og karsykdommar, kroniske lungelidningar og kreft har blitt dei nye folkesjukdommene.

Eit godt folkehelsearbeid er viktig for å følge opp bærekraftsmåla til FN.

Gode levekår, god helse, livskvalitet og trivsel heng saman. Folkehelsearbeidet må legge til rette for god helse for alle og bidra til mindre sosiale forskjellar i helse. Det er derfor viktig med tidleg innsats blant barn og unge for å bidra til å gi dei ein god og trygg oppvekst. Samtidig må folkehelsearbeidet gjelde alle livsfasar. Vi lever lenger, og det krev tilrettelegging for aktivitet, deltaking og god livskvalitet i høg alder.

Uføresette kriser og beredskap

Heilskapleg ROS-analyse skal leggast til grunn for kommunen sitt arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap. Surnadal kommune sin ROS-analyse gir ei god oversikt over risiko og sårbarheit. Vi har ein infrastruktur og busetting som er godt rusta med tanke på beredskap og samfunnssikkerheit. Det viktige er fortsatt god planlegging som førebygger uheldige hendingar.

Det er likevel alltid ein risiko for at det kan skje uføresette kriser lokalt, nasjonalt eller internasjonalt, som kan påverke kommunens innbyggjarar, næringsliv, økonomi og tenesteyting. Kommunen må sikre ein beredskap og økonomisk bærekraft som på best mogleg måte kan handtere raske og nødvendige omstillingar. Eksempel på uføresette hendingar kan vere krig, økonomiske kriser, naturkatastrofar og pandemiar, med Covid-19 som eit godt eksempel på sistnemnde.

Å sikre innbyggjarane eit trygt og sikkert lokalsamfunn er ein av kommunens viktigaste oppgåver. Koronapandemien utfordra vår kapasitet på helsetenester og evne til å oppretthalde kritiske samfunnsfunksjonar. Vi må fortsette arbeidet med å kartlegge truslar, gjere risiko- og sårbarheitsanalysar, øve på kritiske situasjonar og ha beredskap for å handtere hendingar.

Kompetanse og rekruttering

Kommunens største ressurs er alle tilsette, med sin arbeidskapasitet og kompetanse. Gjennom tett samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar og vernetenesta pågår eit kontinuerleg arbeid med arbeidsmiljø og personalutvikling. Korleis jobben blir utført av dei tilsette er sjølvsagt avgjerande for resultata for innbyggjarane. Å oppretthalde og utvikle kompetanse blant eigne tilsette på alle områda er svært krevande. Dette blir desto meir viktig i åra framover med mindre årskull å rekruttere frå, slik situasjonen er i dei fleste av landets kommunar.



Les meir om utfordringar og utviklingstrekk i [kommunal planstrategi 2020 – 2023](#) og [planprogram for samfunnssdelen 2020 - 2032](#). I dette dokumentet er det og ei oversikt over nasjonale, regionale og lokale føringar.

FNs bærekraftsmål

Hausten 2015 vedtok FNs medlemsland 17 mål for bærekraftig utvikling fram mot 2030. Bærekraftsmåla ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng. Dei gjeld for alle land og er eit vegkart for den globale innsatsen for ei bærekraftig utvikling.

Regjeringa har bestemt at dei 17 bærekraftmåla til FN skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Norge. Gjennom nasjonale føringar for regional og kommunal planlegging, er det tydelege forventningar om at kommunal sektor legg [FN sine bærekraftsmål](#) til grunn for samfunns- og arealplanlegginga.




Bærekraftmåla viser dei tre dimensjonane i bærekraftig utvikling: klima og miljø, økonomi og sosiale forhold. Samanhengen mellom desse dimensjonane avgjer om noko er bærekraftig. Måla skal vise veg mot ei bærekraftig utvikling på kort og lang sikt. Plansamarbeidet på Nordmøre har bærekraftsmåla som grunnlag for revisjon av kommuneplanen sin samfunnssdel.

Bærekraftig utvikling er ei utvikling som imøtekjem dagens behov utan å øydelegg muleheitene for at kommande generasjonar skal få dekka sine behov.



Vassforskrifta for eksempel bidreg til gjennomføringa av FNs bærekraftsmål 6, 14 og 15. Har kommunen ambisjonar om å følge opp bærekraftsmåla, må det leggast vekt på arbeidet med vassforskrifta og vassforvaltingsplanen i det kommunale arbeidet.

Modellen under viser dei tre dimensjonane bærekraftsmåla er organisert etter:



3 Miljømessig bærekraft





Med miljømessig bærekraft meines å sikre det naturlege livsgrunnlaget vårt. Vi skal ha tilgang på trygt drikkevatn, og våre utslepp skal ikke forurende. Klimaendringane må stansast, og vi må tilpasse oss dei endringane vi ikke kan unngå. Livet i havet og livet på land må forvaltast bærekraftig, tap av artsmangfald må stansast.

3.1 Kor er vi i dag?

Kommunens arealplanar viser oss dei mest aktuelle bustad- og næringsutbyggingane vi kan sjå for oss. Infrastrukturen som forsyner oss med vatn, avløp, vegar og kommunikasjon treng kontinuerlig vedlikehald og oppdatering. Vi må som kommune og lokalsamfunn også ta vår del av ansvaret for å redusere våre klimagassutslepp, og samtidig bygge kapasitet og beredskap for å handtere kommande klimaendringar.

Drikkevasskjeldene i Surnadal kommune er lite påverka av menneskeleg aktivitet. Andre vassføremarker, både i fersk- og kystvatn, er derimot i større og mindre grad påverka av diverse utslipps og aktivitetar. Surnadal kommune har både regionale og lokale utfordringar knytt til forurensing av våre vassføremarker, noko som kan kome i konflikt med våre brukarinteresser og -behov. Både innan landbruk, avløp og industri er det mykje å hente på tettare oppfølging og reduksjon av utslepp til resipientane våre. Surnavassdraget er prioritert i regional vassforvaltingsplan og er ein svert viktig ressurs for kommunen. Vassdraget og fjorden er også nasjonal laksevassdrag og -fjord. Elva går gjennom sentrum i kommunen og er viktig både for næring, identitet og som element i tettstadsutviklinga. Vassforvaltinga er derfor et arbeid som må viast meir merksem i tida som kjem. I arbeidet som gjeld revisjon av vasskraftkonsesjonane står arbeidet med å sikre laksen og sjøauren sentralt. Søya Toåa og Bævra er også viktige vassdrag i arbeidet med å ta vare på laksen og sjøauren.

Gjeldande klima- og energiplan er utdatert og lite anvendelegr. Mykje av arbeidet knytt til klima- og energibruk er fragmentert. Kommunen og lokalsamfunnet bør ha søkelys på kompetansebygging og treffsikre tiltak. Klimabudsjett og -rekneskap blir viktig for klimaarbeidet. Desse dokumenta vil som alternativ til klima- og energiplanen vere gode styringsdokument.

Kommunens bygningsmasse og tekniske infrastruktur er i rimelig god stand, men vedlikehaldsetterslepet er betydeleg. Vi arbeider for å få til gode analyser og planar for vedlikehald og oppgradering. Vatn- og avløpsnettet blir systematisk fornys, men ikke tilstrekkeleg raskt. Dette medfører tap av kapasitet, høgare driftskostnader og forurensing til ytre miljø. Strengare regelverk stiller auka krav til vass- og avløpstenestenes kvalitet og sikkerheit.



Vegar og anna samferdselsinfrastruktur blir innafor tildelte rammer fornya etter beste skjønn. Det er også her eit veksande vedlikehaldsetterslep.

Kommunen bidreg som tilretteleggar for næringslivet gjennom arbeidet med arealplanlegging og byggesaksbehandling. Fleire større investeringsprosjekt i kommunen har også positive ringverkander på sysselsettinga i lokalt næringsliv. Vidare blir næringsfond aktivt brukt for å støtte nye og etablerte næringsaktørar i kommunen. Samtidig er det behov for å styrke samarbeidet mellom kommunen, næringslivet og lokalsamfunnet for bærekraftige løysingar til beste for innbyggjarane og miljøet i kommunen.

3.2 Mål – miljømessig bærekraft

Slik vil vi ha det i 2032:

- Vi bidreg til reduksjonar av klimagassutsleppa gjennom vår rolle som samfunnsutviklar, planmyndighet, eigedomsbesittar, arbeidsgivar, innkjøpar og tenesteleverandør.
- Vi har eit klimatilpassa samfunn som skal kunne takle ekstreme verhendingar, geofarar, flom og havstigning.
- Vi er ein pådrivar for miljøvennleg forbruk og sirkulær økonomi, med vekt på gjenvinning, ombruk, redusert avfallsmengde og matsvinn i dialog med innbyggjarar og næringsliv.
- Vi har vassdrag og sjøområde med god miljøstand.
- Vi har ei bærekraftig forvalting av jord- og skogbruksområda i kommunen.
- Vi har stansa tapet av biologisk mangfold på land og i vatn.
- Vi har brukta kommunen sine rollar som byggherre og eigedomsutviklar til å stimulere til nye og rehabiliterete klimavennlege bygg og infrastruktur.
- Vi stiller strenge klimakrav ved kommunale anskaffingar, og stimulerer slik marknaden for klima- og miljøvennlege bygg, anlegg, produkt og tenester.
- Vi har kontroll på spreininga av framande artar og bekjemper eksisterande førekomstar.

3.3 Strategiar – korleis kjem vi dit

Samfunnsdialogen

Vi må hente fram kunnskap om verknader av kommunens verksemder, og er aktive i opplysningsarbeid overfor innbyggjarar og næringsliv og andre om naturressursar og naturforvalting ved å



- etablere faktabasert miljøstyringssystem etter FNs bærekraftsmål blir igangsatt for mål 14 liv under vatn og mål 15 liv på land i eit samarbeid med Møre og Romsdal som bærekraftsfylke.
- støtte ryddeaksjoner i vassdrag og strandsoner, og hindre utslepp fra landbruk og anna næringsliv.
- styrke opplæringa i naturmangfald og bærekraft i skulane.
- utvikle klimabudsjet og -rekneskap til gode styringsdokument.

Arealbruk

Arealbruken skal styrast gjennom å planlegge for å sikre natur- og kulturverdiar. I arealforvaltinga må behovet for å bygge ut og omsynet til jordvern, kulturmiljø og natur- og miljøverdiar balanserast. Det er eit nasjonalt mål at matproduksjonen skal auke i takt med befolkningsveksten.

Vi lager eit nettverk av gang- og sykkelvegar, stiar og snarvegar som styrkar trafikksikkerheita og gjer det lettare å gå og sykle i nærmiljøet.

Natur- og kulturlandskapet bidreg med viktige økosystemtenester, som matproduksjon, pollinering og overvasshandtering. Og det gir oss naturopplevelingar og rekreasjon mellom mykje anna. Desse verdiane må kommunen ivareta og sikre. Det gjer vi mellom anna gjennom arealplanar og gjennom å delta i interkommunale samarbeid, slik som vassbruksplanen.

Bygg, anlegg og kommunal drift

Surnadal kommune skal arbeide målretta med klimatilpassing og samfunnssikkerheit i planlegginga og førebygge konsekvensane av flom, tørke, skred og ras.

Kommunen må vise korleis det grøne skiftet kan skje i eiga verksemد og i samfunnet elles. Bygg- og anlegg, transport, IKT-utstyr og mat er område med stor miljøbelastning. Vi skal minimere miljøbelastninga og fremme klimavennlege løysingar gjennom alle utbyggingar og anskaffingar vi gjer. Vi må vere gode førebilete sjølv og stille krav til andre.

Miljøstyringssystem og kontinuerleg forbetningsarbeid skal redusere energibruk og miljøbelastningar frå kommunens bygningsmasse og tekniske anlegg.

Kommunens vass- og avløpssystem skal oppgraderast og moderniserast systematisk. Oppryddinga i spreidde private avlopsanlegg skal forsterkast. Avrenning og utslepp



frå landbruket må ha særleg merksemd. Kommunens kjøretøy og anleggsmaskiner skal vere utsleppsfrie.

Naturforvaltning

Kommunens ressursar i utmarksareal skal driftast på ein bærekraftig måte. Det betyr bl.a. effektiv hogst, skogforynging og god skogpleie og tradisjonell beitedrift. Jakt, fiske, friluftsliv og vern av naturmangfaldet er verdiar og allmenne rettar som skal balanserast mot bruk til næringsformål. Det er viktig med god kartlegging av naturverdiar på land og i vatn, og at endringar blir målt.

Landbruk og matproduksjon

Landbruksnæringa skal vidareutviklast for å sikre langsiktig tilgang til mat og andre naturressursar. Gjennom kommunens næringsplan må det stimulerast til auka bruk av beiteressursane. Kommunen støtter etablering av næringsverksemd for foredling, marknadsføring og sal av lokalprodusert mat. Eit aktivt landbruk er også viktig for attraktivitet og trivsel for dei som bur og reiser i bygdene våre. Ved gjennomgang av kommunens innkjøpsavtalar, må ein vektlegge indikatorar som sikrar lokal handel der det er muleg.

4 Sosial bærekraft



Sosial bærekraft handler om å sette menneskelege behov i sentrum, og å gi sosial rettferdighet og like livssjansar for alle. Gjennom livet har mennesket behov for både tryggheit, tillit og passande utfordringar for å få opplevelinga av å mestre livet. Det betyr også at ein sjølv må få mulegheit for å lere og utvikle seg, få ansvar for og



mulegheit for å skape og å finne mening i livet sitt, helt til ein skal ut av livet. Respekten for mennesket ligger i å involvere det i eit engasjert felleskap og få mulegheit for å utvikle kunnskap saman med andre.

4.1 Kor er vi i dag?

Skular og barnehagar arbeider for å skape samanheng mellom barnehage, skule og fritid, slik at barn og unge opplever å ha eit positivt nærmiljø kor dei sjølve også ønsker å delta og bidra.

God utdanning er viktig for den enkelte, for det sosiale fellesskapet og for samfunnet som heilheit. Ei god utdanning skal fremme barn, unge og vaksne si kunnskapsutvikling, ferdigheter og haldningar, slik at dei opplever å mestre eige liv og utviklar kompetanse til å delta i arbeidsliv, samfunn og vere ein del av eit fellesskap med andre.

Utdanninga skal bygge på menneskerettigheitene og FNs barnekonvensjon og fremme demokratiske verdiar og haldningar, slik at barn, ungdom, føresette og vaksne under utdanning sluttar opp om desse verdiene. Etisk bevissthet, kritisk refleksjon og respekt for natur og miljø vil bli stadig viktigare i morgondagens samfunn. God utdanning kan skje på mange arenaer – i barnehage, skule, i vaksenopplæring, i kulturskulen, i idrettsklubbar og på kulturarenaene.

Oppvekstsektoren står midt i store endringar, og har vore sterkt prega av demografiske endringar i alle krinsane i kommunen. Dei siste ti åra er det gjennomsnittlege fødselstalet redusert med om lag 30%, og elevtalet med 200 elevar. Dette har gitt oss mindre einingar, med færre barn og færre tilsette. Så langt ser det ut til at denne utviklinga vil fortsette, og kan få betyding for rekrutteringsbehovet og strukturen i sektoren.

I 2017 vart det skapt eit godt forankra felles framtidsbilde for oppvekstområdet i Surnadal. Mange aktørar i og rundt barnehagane og skulane deltok i dette arbeidet, i samspel med dei andre kommunane på Nordmøre gjennom Nettverk Nordmøre. Særleg var barn og unge sin stemme sterkt veklagt, saman med foreldra, dei tilsette, politikarane, nærings- og samfunnsliv.

Framtidsbiletet for Surnadal er forma som ein blomst, der **livsmeistring** er det mest sentrale, med kronblada

- *djubdelæring*
- *innovasjon*
- *digital skaping*
- *emosjonell og sosial kompetanse*



På bakgrunn av desse områda, vart det samskapt felles mål for kor ein vil. Hovudmålet er at barn og unge skal oppleve at dei er med på å skape og leve meiningsfylte liv no og i framtida.

1 Livsmeistring

- Vi vil at alle opplever meistring og trivsel kvar dag.
- Vi må utdanne heile menneske, slik at dei meistrar i både medgang og motgang.
- Vi har barn med ei god fysisk og psykisk helse.
- Vi vil ha ein barnehage og ein skule der alle føler seg inkludert og verdsatt.

2 Innovasjon

- Vi samarbeider med lokalt næringsliv i utdanningsløpet for å prøve og oppleve.
- Vi driv praksisnær undervisning knytt til "kvardagen".
- Vi er fleksible, omstillingsdyktige, kreative, har endringsvilje og fremmer logisk tenking.
- Vi har kultur for prøving og feiling.

3 Dybdelæring

- Vi har temabasert/tverrfagleg arbeid i barnehagen/ i undervisninga, for å sjå samanhengar og for å få betre forståing.
- Vi brukar mappevurdering som underveis - og sluttvurdering.
- Barna er med på å prøve, skape og utforske.
- Vi må sjå teori og praksis under eitt.
- Vi har ein fleksibel kvardag med arbeid og pauser etter behov.

4 Sosial kompetanse

- Vi vil leggje vekt på inkludering, respekt, empati, toleranse, trivsel og gode relasjoner.
- Vi vil at alle skal bli sett kvar dag.
- Vi er gode på relasjonskompetanse.
- Vi skapar meistring.
- Vi vil ha robust ungdom som kan handtere utfordringar.

5 Digital kompetanse

- Vi har kompetente vaksne i barnehage og skule.
- Vi vil ha kritisk tenkjande elevar som beherskar kritisk kjeldebruk.
- Vi brukar digitale verktøy for å nå andre mål.



I ei tid med store endringar og brå skifte på alle område, er det viktig at barn og unge er godt rusta til å stå i og møte desse endringane. Eit viktig tiltak er det pågåande arbeidet med godt læringsmiljø.

Helse- og omsorgstenestene skal sørge for gode og forsvarlege helsetenester og fremme gode og likeverdige vilkår for ei god helseutvikling. Forventa auka helseutgifter, endringar i befolkningssamansettin og auka sjukdomsbyrde representerer både lokalt, nasjonalt og globalt store utfordringar for bærekraft. Kommunen arbeider for å skape bærekraftige løysingar som motverker sosiale helseforskjellar og som fremmer god helse for alle uansett alder. Mange forhold påverkar innbyggjaranes helse og livskvalitet. Eksempel på dette er tilgang til aktive nærmiljø, inkluderande lokalsamfunn, dei fysiske omgivelsane, oppvekst- og skuleforhold, tilgang på arbeid og forhold knytt til levevaner.

Nødvendig innsats blir sett inn tidleg for å førebygge aukande sjukdomsbyrde. Målet er at innbyggjarane i størst muleg grad skal meistre eigen livssituasjon ved å skape gode løysingar og tiltak saman med kommunen og aktørar i nærmiljøet og sivilsamfunnet.

Helsetenestene står overfor store endringar, og det er særlig fem forhold som påverker korleis helse- og omsorgstenestene vil utvikle seg:

- Demografisk utvikling – endringar i befolkningssamansettin
- Endringar i sjukdomsbildet i befolkninga
- Endringar i spesialisthelsetenesta – ringverknader for pasientar og kommunar
- Rekrutteringsutfordringar
- Utvikling av e-helse og velferdsteknologi

For å kunne møte og handtere dei endringane vi står overfor, har vi søkelys på folkehelse som deltaking og mestring som gjennomgåande prinsipp for all tenesteproduksjon.

Folkehelseprofilen for 2020 viser at det står bra til med folkehelsa i Surnadal. I aldersgruppa 45 år og eldre er andelen som bur åleine lågare enn landsnivået. Andelen som bur i husstandar med låg inntekt, er lågare enn landsnivået. Andelen ungdomsskuleelevar som opplever at det er trygt å ferdast i nærområdet på kveldstid er på 92%.

Tilgang til miljøkvalitetar som rein luft, støyfrie område og rekreasjon ligg langt over landsnivået. Kommunen har ein god del därlegare kollektivtilbod enn fylket og resten av landet.



Ungdata 2020 viser at dei aller fleste barn og unge som har svart, har det bra og mange er veldig godt nøgd både med livet, forelder, skule, nærmiljø osb. Likevel er det nokre område som er utfordrande.

Folkehelseinstituttet har i september 2020 lansert oppvekstprofiler på lik linje med folkehelseprofiler. Dette vil og bli eit nyttig kartleggingsverktøy.

Førebygge framfor å reparere

- Førebyggande helsearbeid gjennom heile livsløpet.
- Fremme menneskers helse, "kva er viktig for meg?"
- Bidra til at helse blir ein positiv ressurs i kvardagslivet
- Lønner seg både økonomisk og faglig
- Ivaretar den enkeltes behov og ønske om mestring, eigenkraft og ibuande ressursar.

Bruk av velferdsteknologi og telemedisin

- Bidrar til at enkeltindividet blir gitt mulegheita til å mestre eige liv og helse betre.
- Bidrar til at personer med behov for helse- og omsorgstenester kan bu lengre heime og dermed utsette tidspunktet dei ellers ville måtte flytte på institusjon for kortare eller lengre tid.
- Gi tryggheit for brukarar og pårørande.
- Betre kvaliteten på tenester, auke fleksibiliteten og bidra til betre arbeidsmiljø.
- Bidra til å skape nye arenaer for samarbeid mellom den enkelte, pårørande, offentlege og frivillige aktørar og næringsliv.
- Vil kunne gi billegera løysingar enn dagens system.

Frivilligkeit, idrett og kultur er viktige pilarar i Surnadalssamfunnet. Vi er i dag ein av dei kommunane i landet med flest registrerte i frivillige lag og organisasjonar per innbyggjar. Dette er takka vere stor innsats frå mange frivillige i heile kommunen. Vi har heile 93 lag og foreiningar registrert i Frivilligehetsregisteret. Vi har mange flotte anlegg og hus i heile kommunen, både i kommunal og privat regi.

Idrett og kultur er viktige arenaer for integrering av tilflyttarar, same kvar dei kjem i frå, og alle er avhengige av å ha noko å leve for i tillegg til noko å leve av. Slik sett er det avgjerande for trivselen i Surnadal Kommune at vi har eit høgt nivå av frivilligkeit, som skapar desse møteplassane og den kjensla av tilhørsle som frivilligkeit gjev.



4.2 Mål – Sosial bærekraft

Slik vil vi ha det i 2032

- Vi har eit mangfaldig friluftsliv, kultur- og idrettstilbod og ei vital frivilligheit.
- Vi har emosjonell og sosial kompetanse til å inkludere alle, ingen blir mobba i skule, arbeid og fritid.
- Vi har inkluderande og trygge oppvekstmiljø med leike- og læringsarenaer som fremmer sosial kompetanse, meistring, tilhørighet og god helse.
- Vi har robuste og trygge barn og unge
- Vi samarbeider om oppveksten til barn og unge gjennom samskaping mellom dei ulike aktørane i og rundt barnehagane og skulane
- Vi har barn med gode grunnleggjande ferdigheter (lesing, regning, skriving, digitale og muntlege ferdigheter)
- Vi har gode relasjoner og fagleg samarbeid med andre kommunar gjennom Nettverk Nordmøre, for å sikre god kapasitet og kompetanse på oppvekstområdet
- Vi har etablert eit helsehus som legg til rette for førebyggande tiltak, rehabilitering og god pleie.
- Vi har dreid ressursinnsatsen mot helsefremmande og førebyggande arbeid.
- Vi har lagt til rette for at innbyggjarane kan ha aktive liv og bu trygt i eigen heim så lenge som muleg, mellom anna ved å legge til rette for nye buformer for eldre.
- Vi har innbyggjarar som at mulegheit til å lære og utvikle seg, og til å skape eit trygt og meiningsfullt liv.
- Vi har gode møteplassar.
- Vi har ei aktiv frivilligheit som deltek i samskaping av tenester.
- Vi har offentlege bygg, anlegg og uteområde som er universelt utforma.
- Vi har ei god samordning av bustad-, areal- og transportplanlegginga.
- Vi er landets beste kommune på medlemskap i frivillige lag og organisasjonar per innbyggjar.
- Vi har områder der frivillige lag og organisasjonar får utvikle seg. Både inne og ute med hus og anlegg.
- Vi har eit kommunalt fond for utvikling av hus og anlegg til frivilligheita.

4.3 Strategiar – korleis kjem vi dit

Surnadal kommune har mange gode arenaer for idrettsaktivitet som må vedlikehaldast og driftast på ein god måte. Arbeidet med å legge til rette for friluftslivet må halde fram. Andre ulike kunstformer og kulturvern vil det fortsatt vere viktig å støtte opp om. Barn og unge sine mulegheiter til idrett, kultur og medbestemmelse er viktig verdiar.



Surnadal Kommune skal legge til rette areal for utvikling av idretts- og kulturanlegg. Frivillige lag og organisasjoner som tek kontakt med kommunen skal oppleve at det er lett og raskt å få svar på både spørsmål og søknadar. Kulturmidlane skal reviderast for å skape mest mogleg aktivitet i Surnadal kommune. Det skal lagast eit skriv med nyttig informasjon, kontaktpersonar og moglegheiter for å skaffe midlar som går ut til nye frivillige lag og organisasjoner.

Med tverrfaglig organisering jobber vi systematisk mot barnefattigdom og utanforskap, og vi styrker og samordnar det førebyggande arbeidet i heile kommunen.

Surnadal kommune skal arbeide systematisk for å sikre eit godt samarbeid med føresette, slik at foreldras hovudansvar for barnets omsorg blir bekrefta, og slik at dei opplever seg inkludert og deltagande i omsorga for barna og i barnas utvikling.

Surnadal kommune skal arbeide med å tilrettelegge for eit godt psykososialt leike- og læringsmiljø på alle arenaer.

Ny teknologi og nye organisatoriske modeller skal utprøvast. Fagutviklinga skjer i dialog og samarbeid med nabokommunar og andre offentlege og private interesserantar.

Surnadal kommune deltek i og gjennomfører IKT ORKidés digitaliseringssstrategi.

Kommunen skal arbeide rusførebyggande gjennom å fremme positive møteplassar, og sikre solid forankring av ruspolitisk arbeid.

Vi vidareutvikler strategiar for kompetanseutvikling, rekruttering og innovasjon i kommuneorganisasjonen og lokalsamfunnet vårt.

Surnadal kommune skal i samarbeid med ulike aktørar arbeide for å motverke utanforskap og konsekvensar av sosiale ulikheiter, og fremme tilhørighet og samfunnsdeltaking.

5 Økonomisk bærekraft



Økonomisk bærekraft er at alle som kan skal ha tilbod om passande arbeid. Næringslivet skal stimulerast til innovasjon og bygging av bærekraftig infrastruktur. Vi skal sikre bærekraftige forbruks- og produksjonsmønstre og redusere ulikhet i og mellom land.



5.1 Kor er vi dag?

Økonomiske endringar verker inn på kommunens tenester. Internasjonalt er det aukande usikkerheit knytt til handel og finans, noko som kan påverke dei økonomiske rammene for Norge og lokalt i Surnadal. Sjølv om norsk økonomi har eit godt utgangspunkt, står landet overfor betydelege utfordringar.

Omstillinga frå olje og gass til andre meir miljøvennlege energiformer medfører at Norge ikkje i like stor grad framover kan lene seg på inntektene frå næringa. Samtidig heng kommunens økonomiske utvikling saman med befolkningsutviklinga. Gjennomsnittsalderen vil auke framover og delen yrkesaktive vil reduserast.


Det er viktig å få til ein sterkare kommuneøkonomi. Surnadal vil få ein høgare gjeldsgrad og rentenivået vil verke inn på det økonomiske handlingsrommet. Eit økonomisk handlingsrom er avgjerande for å kunne oppretthalde og vidareutvikle tenestetilbodet til kommunens innbyggjarar. Det er viktig med ein effektiv og smart bruk av samfunnets ressursar.

Surnadal kommune har i underkant av 5 920 innbyggjarar, der omlag 3500 bur rundt kommunesenteret. Kommunen har 1525 fritidsbustader.

Folketallet har hatt ein nedgang dei siste 25 åra. Prognosane framover viser eit folketal på 5 630 i 2032 og vidare ned til 5 267 i 2050. Talet på eldre over 80 år har vore synkande dei siste åra, men vil i åra framover auka frå 341 personar i 2020 til 569 i 2032, ei dobling til 681 i 2040 og vidare til 784 i 2050. Personar over 90 år vil i same periode auke frå 59 i 2020 til 87 i 2032 og 191 i 2050. Etter 2000 har det vore ein nedgang i talet på barn og unge, og framskrivingane tyder på at gruppa 0-17 år vil bli redusert frå 1 100 i 2020 til 976 i 2032 og 882 personar i 2050. Det blir altså stadig færre barn og unge i skulane. I åra framover er det derfor mykje som tyder på at det blit færre i arbeidsdyktig alder, samtidig som det blir fleire eldre og auka pleie- og omsorgsbehov.



Folketalspyramide år 2000 og 2020




SSB sitt framskrivingsalternativ MMMM (hovudalternativ) ligg til grunn fro framskrivingane

For kommuneøkonomien betyr dette at vi må levere fleire tenester med reduserte økonomiske rammer. Surnadal vil derfor, som andre, halde fram arbeidet med å effektivisere, auke inntektene og redusere kostnadene, digitalisere og omorganisere. Vi må utnytte mulegheitene for samarbeid med andre kommunar, og vi må styrke kulturen for samskaping av tenester med innbyggjarar og frivilligheit.

Ein forholdsvis stor del av arbeidsplassane er tilknytta offentleg sektor. Figuren under viser sysselsettinga i kommunen fordelt på sektorar og næringsgren.



Sysselsette etter næring og sektor i kommunen, 2019



Kjelde SSB

Arbeidsplassdekninga er på 98,7% i 2019. 534 av kommunens 2 961 sysselsette pendla ut av kommunen på arbeid i 2018. 527 personar pendla inn til Surnadal. 82% av kommunens sysselseatte har sitt arbeid i heimkommunen.

Vi har produksjonsbedrifter som leverer sine varer lokalt, regionalt og i ein internasjonal marknad. Vi har handverksbedrifter som leverer sine varer lokalt- og i ein regional marknad. Vi har sørvisbedrifter som leverer sine tenester i ein lokal og regional marknad.

Næringslivet i Surnadal går godt og det er gode utsikter framover med god ordretilgang og omstillingsvillige bedrifter. Vi har fleire bedrifter som viser veg i høve til miljøkrav og nye berekraftig måtar å drive på. Sirkulærøkonomi er no eit kjent begrep i bedriftene.

Det vil likevel vere slik at næringslivet vil ha store utfordringar framover med å tilpasse seg stadig strengar miljøkrav og minske sine fotavtrykk. Bruk av fornybar energi og tre som bygningsmateriale er meir aktuelt enn nokon gong.



Renovasjon og handtering av avfall er ei utfordring som vil måtte kreve nye måtar å «foredle» på. Det kan være ei ressurs som ein kan skape arbeidsplassar med og samtidig gjer ein innsats for miljøet. Det må vi legge til rette for.

Reiselivsnæringa har med korona-pandemien verkelig fått kjenne på evna til å omstille seg og tenke i nye banar. Grønt reiseliv og ei bærekraftig næring vil bli framtidas vinnarar i kampen om gjestene. Bookbare og attraktive bærekraftige produkt vill bli meir og meir etterspurd. Målet er at lønsemda og gevinsten må ligge att lokalt slik at nye opplevingar kan skapast.

Det å utvikle Surnadal som ein destinasjon med nabokommunane vil gjere oss meir rusta til å skape eit totalprodukt som tiltrekker seg fleire tilreisande og at det vil føre til at gjestane vil opphalde seg lengre i vårt område.

Det er viktig å tilpasse seg produkta til etterspurnaden, men det er også viktig å bestemme seg for kva slag bærekraftig næring ein vil utvikle. Her har vi ei unik mulegheit i så måte, med Trollheimen, flotte fjordar og oppblomstring av kortreist, lokal mat. Det er viktig at kommunen legg til rette for denne utviklinga og at ein er bevisst sine val.

Landbruket er ei viktig næring i Surnadal. Den er viktig for matproduksjon, men også for anna verdiskaping, busetting, sysselsetting, kulturlandskap og som del av det lokale beredskapsarbeidet. Med eit nasjonalt mål om auka sjøforsyningsgrad, er det viktig at vi har eit variert landbruk. Eitt av FNs bærekreftsmål går blant anna ut på å utrydde svolt og oppnå mattrøggleik. Matproduksjon og gardsopplevingar vil framleis utgjere basisen for landbruket i Surnadal framover. Men det er viktig å auke verdiskapinga gjennom å gå frå å vere ein produsent av råvarer og volumvarer til å «klatre i verdikjeda» - det vil mellom anna seie å lage fleire foredra produkt, utvikle merkevarer og kunnskapsbaserte tenester og opplevingar. I Surnadal kommune er det betydelige skogressurser. Det finnes også stor skogfaglig kompetanse. Gjennom samarbeid med forskningsmiljø og bruk av ny teknologi vil vi i Surnadal kommune være med å ta en ledende posisjon i utviklingen av nye bruksområder for skogsvirke samtidig som vi har som målsetting å foredle mer skogsvirke lokalt.

Surnadals-landbruket kan ha mange uutnytta mulegheiter om vi tenkjer nytt, tek i bruk ny teknologi, kombinerar kunnskap og kompetanse frå ulike næringar og samarbeider og lærer på tvers av næringsaktørar og næringar. Vi bør sette oss ein visjon eller mål om eit bærekraftig og nyskapande landbruk. Bærekraft blir vektlagt på ein heilt anna måte i dag enn tidligare. Med klimautfordringane, dei teknologiske og demografiske endringane vi står ovanfor i dag, blir evna til nyskaping langt viktigare. Bioøkonomi og sirkulær økonomi er viktig i overgangen til det grøne



skiftet. I ein verden der presset på naturressursane aukar sterkt, er det avgjerande for miljøet og klimaet at ressursar blir bruk og gjenbruka meir effektivt.

Det blei registrert 12 nyetableringer pr 1000 innbyggjarar i Surnadal kommune i 2019. Dermed er vi på nivå med landsgjennomsnittet og godt over snitte i Møre og Romsdal. Det var ein sterk vekst frå 2018 som viste 8 nyetableringar pr 1000 innbyggjarar.

Transportnäringa står sterkt i Surnadal og næringslivet er avhengig av eit godt vegnett. Det har vore ført ein årelang kamp for å få betre fylkesvegar mot Orkland (fv. 65) og fylkesvegen frå Storås mot Berkåk (fv. 700 og fv. 701). Vidare er arbeidet med å få til eit ferjefritt samband over Todalsfjorden svert viktig for å skape ein god bu- og arbeidsmarknadsregion på indre Nordmøre.

Breidbandsutbygginga i Surnadal kommune er kome langt, men det er viktig å sikre eit fullgodt tilbod for alle innbyggjarane. Fiber lagt til dei fleste. Tilgang via radiosignal eller kabel. Svorka er i gang med å dekke fleire og fleire område med fibernet. Dei som har radiosignal og som framleis får signal gamalt breibandnett (Coax) kan til tider oppleve eit litt ustabilt nett. Med tanke på mobilt breiband har vi to leverandørar (Telia og Telenor). Her opplever vi at det ikkje er full dekning i kommunen.

5.2 Mål – Økonomisk bærekraft

Slik vil vi ha det i 2032:

- Vi har lagt til rette for eit konkurransedyktig og bærekraftig næringsliv som gir attraktive arbeidsplassar.
- Vi har utvikla Surnadal som ein reiselivsdestinasjon saman med nabokommunane, som trekker til seg tilreisande for lengre opphold i området.
- Vi har eit bærekraftig landbruk som bidrar til auka sjølforsyningsgrad.
- Vi er ein attraktiv arbeidsgivar med god organisasjonskultur som legg til rette for tiltrekke seg og utvikle kompetante, initiativrike og stolte medarbeidrarar og leiarar.
- Vi har medarbeidrarar og leiarar som saman finn smarte måtar å arbeide på, finn løysingar på kommunenes utfordringar og viser endringsvilje.
- Vi er nærmare eit likevektssamfunn og ein sirkulærøkonomi der kvar enkelt av oss bidreg.
- Vi har ein sunn kommuneøkonomi med handlefriheit og økonomisk buffer.



- Vi har eit solid næringsliv, som er godt i gang med å tilpasse seg nullutsleppsamfunnet i 2050.
- Vi har eit kommunesenter med gode møteplassar og godt tenestetilbod.
- Vi har tilrettelagt for at alle innbyggjarar, private og offentlege aktørar har god tilgang til informasjons- og kommunikasjonsteknologi.
- Vi har alle ungdommar og menneske med funksjonsnedsettingar i jobbar som dei ønsker og meistrar.
- Vi har eit rikt kulturliv med høg kompetanse og godt økonomisk driftsgrunnlag
- Inn og utpendlinga balanserer nokonlunde som i 2019, men på eit vesentleg høgare nivå rekna i antall personar. Dette bl.a. på grunn av eit attraktivt næringsliv som tiltrekker seg både fastbuande og innpendlande arbeidstakrar.
- Fergefri fjordkryssing har bidrige til at Surnadal kommune blir opplevd som ein enda meir attraktiv bustadkommune enn i 2019 da ein bl.a. enklare og meir fleksibel kan dagpendle til Sunndal, Tingvoll, Nesset og Oppdal. Det er også fleire elevar frå Sunndalsøra som går på Surnadal videregåande skule og fleire elevar frå Surnadal som går på Sunndal videregående skole. Det rapporteres også om at det er enklare å finne lærlingar for næringslivet i både vår kommune og i nabokommunane på andre sida av fjorden. Det er også etablert forskjellige vaksamarbeid med våre nabokommunar som innbyggjarane er godt fornøgd med.
- Surnadal havn og omliggande område er tilnærma fullt utbygd og det er «kamp» om å få kjøpe tomt i næringsparken som er oppretta. Parken er blitt eit knutepunkt i Midt-Norge for fremtidsretta og «grønne» næringar. Det er eit aktivt samarbeid mellom næringsparken og NTNU, SINTEF og fleire andre nasjonale aktørar.

5.3 Strategiar – korleis kjem vi dit?

Kommuneøkonomien skal vere bærekraftig. Det måler vi med å vedta nøkkeltall eller styringsmål for

- netto driftsresultat (kunne sette av litt penger kvart år),
- størrelsen på disposisjonsfondet (penger på bok til nødvendig bruk)
- gjeldsgraden (vi må klare å betene gjelda vår)

Samarbeid med andre kommunar for å sikre gode tenester og ei effektiv drift er og vil truleg bli meir viktig i åra framover.



Næringslivet og kommunen samarbeider gjennom gode offentlig-private samarbeid om entreprenørskapstrening og mentorskap for å skape nye arbeidsplasser i kommunen. Miljømessig og sosial bærekraft er viktig for kommunal støtte til næringsutvikling og kulturtiltak. Entreprenørskap skal stimulerast, særleg blant unge og blant innvandrarar.

Vi utvikler rekrutteringsordninger der private og offentlige virksomheter utlyser stillinger forbeholdt ungdom og personer med funksjonsnedsettelse.

Arbeid er grunnlag for velferd, og språkopplæring er inngangen til arbeidslivet.

Vi bygger ut nettverksinfrastruktur til alle delar av kommunen slik at innbyggjarar, bedrifter og også hyttefolk får tilstrekkeleg kapasitet. Korona-pandemien dette året har vist kor viktig det er å legge til rette for at ein kan ha heimekontor både i samband med undervisning og arbeid.

Innkjøpsordningane vidareutvikler system som stimulerer til å prioritere bærekraftig mat, transportnester, bygg og anlegg. Etablere kunnskap om og ordninger for ombruk og gjenbruk av utstyr.



6 Samarbeid for å nå måla

Bærekraftsmål nr. 17 er overordna dei andre og viser korleis vi saman skal kunne nå dei andre 16 måla: Samarbeid om tiltak og felles finansiering, styrke gjennomføringskapasiteten vår og fornye globale partnarskap for bærekraftig utvikling.

For å lykkast med bærekraftsmåla, er det viktig med nye og sterke partnarskap. Myndigheter, næringslivet og sivilsamfunnet må samarbeide for å oppnå bærekraftig utvikling. Bærekraftsmåla skal fungere som ei felles, global retning og prioritert innsats dei neste 15 åra. Nye samarbeid kan oppstå mellom myndigheter, næringsliv, innbyggjarar, lag og foreiningar, sosiale entreprenørar og ideelle aktørar.

Desse kan saman skape nye og bærekraftige løysingar på samfunnsutfordringar som klimaendringar, demografiendringar og auka press på tenester, behov for kompetanse og arbeidsplassar, boligutvikling, samferdsel, og utvikling av øvrig infrastruktur.

Å skape løysingar saman utfordrar tradisjonelle arbeidsmåtar, og det er derfor behov for å bygge ny kompetanse i kommunen og i sivilsamfunnet, og modellar for leiing og organisering i nettverk og partnarskap. Surnadal kommune skal bidra til å etablere gjensidig forpliktande samarbeid og partnarskap med frivilligheita, næringslivet og andre aktørar. Aukande ulikheit i sosiale, kulturelle og økonomiske forhold er ei demokratisk utfordring fordi det medfører ulikheit i samfunnssdeltakinga. Kommunikasjon og informasjon er ein føresetnad for å kunne forstå, mine og delta. Openheit og innsyn er tillitsforsterkande og bidreg til meir tilfredse innbyggjarar. Ein heilheitleg ommunikasjonsstrategi gir gode føresetnader for samarbeid. Planarbeidet i Surnadal kommune er dynamisk og skal utviklast gjennom eit varig, rettferdig og levedyktig samfunn.



Surnadal kommune skal tilrettelegge for at alle innbyggjarar opplever tilhørigheit, blir hørt og tar medansvar. Surnadal kommune har også eit særskilt ansvar for å ivareta at utsette grupper, som ikkje i like stor grad delter, kjem til orde og blir ivaretatt.

Samarbeid internt i kommuneorganisasjonen

- Kompetanseutvikling
- Digitalisering
- Dele på ressursar



Samarbeid med andre kommunar og offentlige myndigheter

- Regionråd og andre politiske fellesorgan
- Tenester og forvaltningsoppgåver som løysast i interkommunale samarbeid
- Andre forvaltningsorganers tenester lokalt inngår i partnarskap, som vegdrift, tannhelse og videregående skule.
- Samarbeid med Husbanken om strategisk boligsosial utvikling

Samarbeid med sivilsamfunnet

- Omfattande reduksjonar i klimagassutslepp kan ein berre oppnå gjennom samhandling med andre aktørar i lokalsamfunnet og på regionalt og nasjonalt nivå.
- Samskaping innaen helse og omsorg for å gi betre tenester med reduserte ressursar.
- Barn og unges oppvekstmiljø er heile lokalsamfunnets ansvar, kommunens tenester inngår i partnarskap med foreldre og frivillige organisasjonar.
- Samarbeid med lag- og organisasjonar som Røde Kors og sanitetsforeninga er viktig for å styrke beredskapen.
- «Grøn omsorg», kor garden blir bruka som ressurs og menneske med spesielle behov får auka livskvalitet via sosialisering og meistring. Andre eksempel er frivilligsentralane, som bidreg til å skape sosiale møteplassar og legge til rette for lokal frivillig verksemd


Samarbeid med næringslivet og forsknings- og utviklingsmiljø

Lokale fortrinn utvikles for auka verdiskaping og attraktivitet, som innan lokalmatproduksjon og markedsføring.

7 Arealstrategi

7.1 Kommunen sitt plansystem

Kommunens plansystem skal både ivareta langsiktig og strategisk planlegging, og daglege forvaltningsvedtak og tenesteleveransar. Figuren under gir ei skjematiske oversikt over dei ulike typar planar kommunane har, kva for nivå dei er på og kor ofte dei skal evaluerast og rullerast.



Ein arealstrategi med tettare kopling mellom kommuneplanens samfunnssdelen og arealdelen kan forenkla arbeidet med arealdelen, og tilrettelegge for strategiske diskusjoner om arealdisponering. Arealstrategien er bindeleddet mellom samfunnssdelen og arealdelen og skal angi hovudprinsippa for Surnadals langsiktige arealbruk og arealforvaltning. Arealstrategien skal bidra til å styre utviklinga i Surnadal i ønska retning.

I kommunal planstrategi vart det vedteke at gjeldande plan ikkje skal rullerast i inneverande periode. Det vart og sagt at ei lettare revidering kunne vore ønskeleg med omsyn til enkelte bestemmelser, men da må det vere ein føresetnad at dette kan gjerast utan stor ressursbruk.

Gjeldande arealdel vart vedteke i 2017. Behovet for areal er i arealplanen vurdert ut i frå temaa boligar, samferdsel, friluftsliv, hytter og næring.



Næringsareal

Av næringsareal har kommunen no ca. 30 mål ferdig oppfylt areal og forslag om ca. 27 mål i den nye reguleringsplanen for Røtet. Det er stor pågang etter næringsareal. Det vil vere aktuelt å starte arbeidet med å vurdere nye område for framtidige næringareal. Områder der eksisterande infrastruktur kan nyttast bør prioriterast.

Bustader

I Surnadal sentrum er det få ledige einebustadtomter. Det blir arbeidd med å legge til rette for nye felt og lagt til rette for spredt boligbygging i bygdene der det naturleg ligg til rette. Boliger skal ha universell utforming slik at dei kan brukast av alle. Tilhøva tilvegar og anna infrastruktur må vurderast grundig når ein legg til rette areal for utbygging. Det er også viktig å legge til rette for at barn og unge blir sikra god bokvalitet og gode oppvekstvilkår. For barn og unge er det viktig at mulegheita til å gå, sykle eller ta buss til skule og fritidsaktivitetar er til stades.

Vi har sett dei seinare åra et det er stor etterspørsel etter leilegheiter i sentrum i dei eldre aldersgruppene. Med sterkt veksande eldre befolkning i dei to neste tiåra, vil truleg dette også føre til fortsatt stor etterspørsel etter bustader i sentrum. Sjølv om prognosane for tatalt innbyggartal er svært usikre, er dei prognosane for dei eldre aldersgruppene rimeleg sikre.

Ved planlegging av nye bustadområde må [Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging](#) leggast til grunn.

Kulturvern

I «Regional delplan for kulturminner og kulturmiljø av nasjonal og regional verdi» er kulturminne av slik verdi i Surnadal kommune lista opp. Kulturminne, kulturmiljø og kulturarv skal vektleggast i arealplanlegginga. Tilrettelegging og forvaltning av kulturarven er viktig for identitetsbygging, kultur, næringsutvikling og reiseliv. Eit viktig kunnskapsgrunnlag er regional delplan for kulturminne og den lokale kulturminneplanen.

Rekreasjon og friluftsliv

For tema rekreasjon og friluftsliv må kommunen ha som mål å sikre at tilretteleggingstiltak spelar på lag med naturen og ikkje i mot. Kommunen skal legge til rette for eit friluftsliv som fremmar folkehelsa. Turstiar, turvegar, friluftsområde, badeplassar med meir skal tilretteleggast, gjerne i samarbeid med idrettslag, velforeiningar og andre.

7.2 Mål for arealbruken



Surnadal kommune skal tilby ledig areal til boligar og næring heile tida.

God samordning i bustad-, areal- og transportplanlegginga er viktig for å nå måla om berekraft også i mindre kommunar og tettstader.

Arealplanlegging er eit av dei viktigaste verkemidla for å redusere klimagassutslepp, hindre tap av natur og sikre naturmangfald, kulturvern. Eit anna viktig tema når ein planlegg nye busetnader og arbeider med tettstadsutvikling er trafikkstøy. Vidare er trafikksikringsplanen for kommunen eit viktig verkmiddel i planlegginga.

Det er utarbeidd ein rettleiar for vassforvalting og kommunal planlegging som vil vere eit nyttig hjelpemiddel i den kommunale planlegginga.

Det er viktig å styre arealbruken til trygge område i kommunen og slik førebygge uønskte hendingar. Da må alle vassdrag (elv, bekk, vatn mv) og geografi og geologi kartleggast tidleg i planprosessar, slik at bygningar kan plasserast utan å vere utsett for flaum- og rasfare. Utbygging og annan grunnutnytting bør fortrinnsvis skje slik at nedbøren framleis kan infiltrere i grunnen. Byggegrenser mot vassdrag og omsyn til kantsona er gode verkemiddel i denne samanhengen.

7.3 Strategiar

- Vi skal arbeide for ei natur-, klima- og miljøvennleg utvikling av kommunen, og ruste kommunen for klimaendringar. Risiko- og sårbarhetsanalysar (ROS) skal brukast aktivt i arealplanlegginga.
- Vi skal sikre god bokvalitet og gode oppvekstvilkår for barn og unge.
- Vi skal styrke kommunesentrum til ein attraktiv tettstad, med fleire boligar og utvikle arbeidskraftintensive arbeidsplassar. Arbeidet med ny reguleringsplan for sentrum blir viktig for framtidig sentrumsutvikling.
- Vi skal legge til rette for planmessig spreidd busetting for at bygdene skal utviklast til gode stader å bu.
- Vi skal tilrettelegge for næringslivet gjennom eksisterande og nye areal.
- Vi skal ivareta biomangfald og natur gjennom planlegginga og arealbruk i kommunen.